

# Bruksvilkår Nynorobot

## Definisjonar

**Nynodata/leverandør/ leverandøren:** Nynodata AS, org.nr. NO 848 373 672 MVA.

**Teneste/tenesta:** Netteneste som gir tilgang til bruk av programvare og språkressursar i produktet Nynorobot, produsert av Nynodata AS.

**Kunde/kunden:** Kunde som får tilgang til tenesta gjennom lisens, eller person som får tilgang til demoversjon.

## Abonnementsavtale/

**abonnementsavtalen:** Særskild avtale mellom leverandør og kunde.

Gjennom å ta i bruk tenesta samtykkjer kunden i bruksvilkåra. Kunden kan berre ta i bruk tenesta dersom han godtek desse vilkåra.

## Opphavsrett

Tenesta er verna av lover om opphavsrett i Noreg og andre land og av internasjonale avtalar. Kunden får berre avgrensa bruksrett til tenesta. Eigedomsretten, opphavsrettane og alle andre rettar til tenesta tilhøyrer Nynodata eller tredjepart som Nynodata overfører rettane til.

## Bruksrett

Kunden har lov til å bruke tenesta til testføremål eller til bruk som er definert i abonnementsavtalen.

Kunden kan ikkje utan særskild avtale gi direkte eller indirekte tilgang til tenesta, eller inkludere slik tilgang i produkt, i tenester eller liknande, som blir tilbydd tredjepart.

Kunden forpliktar seg til å ikkje bruke tenesta på måtar som bryt norsk lov eller allmenne etiske reglar for bruk av Internett.

## Atterhald

Leverandøren garanterer ikkje at tenesta er utan feil i programvare, data, servertilgang, eller i ferdig tekst. Kunden bør sjølv lese gjennom teksten som tenesta leverer og er ansvarleg for sluttredigering.

Leverandøren kan ikkje stillast ansvarleg for tap eller skade som måtte oppstå som følge av installasjon eller bruk av tenesta hos kunde eller hos tredjepart.

Under eit kvart tilhøve vil leverandørens fulle ansvar i forhold til bruk av tenesta vere avgrensa til den summen leverandøren har motteke for tenesta frå kunden.

## Informasjonslagring

Server som tenesta ligg på er sikra med tofaktor innlogging. Tilgangen til tenesta er kryptert med https. Av generelle tryggleikssyn er det likevel ikkje tilrådeleg å bruke tenesta til omsetting av sensitiv eller konfidensiell informasjon. Nynodata er ikkje ansvarleg for eventuelt eksternt innsyn og

misbruk av tekst som går inn og ut av tenesta.

Tekstar som går inn og ut av tenesta blir ikkje lagra.

For å kunne forbetre tenesta og følgje opp kunden, kan følgjande informasjon lagrast hos Nynodata:

- Kundeinformasjon, som e-post, kundenamn, bruksvolum, lisenstype, IP-adresse.
- Relevant teknisk informasjon, som nettlesar, operativsystem, versjonsnummer og liknande.
- Statistisk materiale om tekstane.

Innsamla informasjon blir ikkje vidareformidla til tredjepart.

## **Vern mot misbruk**

Det er ikkje lov å utføre reversert kompilering, dekompilering eller på annan måte avdekkje eller finne fram til ideane og prinsippa bak tenesta, eller å endre kjeldekoden. Det er heller ikkje lov å bruke tenesta til å bygge opp lister over ord og uttrykk på dei to målformene.

## **Tilhøve til system frå tredjepart**

Tenesta er laga slik at det er mogleg å bruke ho saman med system (programvare eller teneste) frå tredjepart. Tenesta vert likevel ikkje å sjå på som del av tredjepart sitt system, og leverandøren svarer ikkje på nokon måte for dei feila som måtte oppstå i systemet til tredjepart. Leverandøren ajourfører heller ikkje systemet til tredjepart, gir ikkje brukarstøtte ved bruk av systemet til tredjepart, og svarer ikkje for dei tilfella der bruken av tenesta på ein eller annan måte påverkar rettstilhøva til kunden og tredjepart.

## **Tvistemål og lovheimel**

Tvistemål som vedgår denne avtalen skal først og fremst løysast gjennom forhandlingar. Om forhandlingar ikkje fører til eit tilfredsstillande resultat, skal tvistemålet avgjerast ved leverandøren sitt verneting.